

Frå Kari Veiteberg: Refleksjonsnotat

Verkstad på Vollen – 2009

Liturgi = handling: Perspektiv på kunst, kropp og gudstenesteliv

Liturgireform i Den norske kyrkja

Den norske kyrkjas Nemnd for gudstenesteliv (Nfg) møttes for siste gong 25.april 2008 og leverte frå oss tekstar som i skrivande stund blir prøvd ut og evaluert: *Liturgi. Forslag til ny ordning for Hovedgudstjeneste i Den norske kirke.*(Eide forlag 2008) Det er utkast til ordning for kyrkjelydens hovudgudstjeneste, i det inngår eit forslag til dåpsliturgi, og forslag til ny salmebok og forslag til nye tekstrekker.

Det er *no* kyrkjelydane , liturgane og kyrkjemusikarane får erfare korleis forslaget verkar. No prøver ein gudstenestene i lokale kyrkjerom. Korleis kjennest det å stå, sitte, stå og sitte? Er det lagt til rette slik at ein *verkeleg* får leggje av seg det som tynger?

Ei liturgisk vending

Det liturgiteologiske perspektivet eg arbeider utifrå kan formulerast slik:

I tillegg til Guds heilage nærvær skjer faktisk gudstenesta i verkelegheita. Det som fellesskapet faktisk ser, høyrer, smakar og tar på, er også avgjerande. Som liturgiteologen Nathan D. Mitchell uttrykkjer det:

"Christian worship is worldly by definition. It uses not only the world's bounty (water, wine, bread, oil, salt, light, fragrance) but also thee world's technologies (sound stretches to speech and song, seeing swells to image and icon, space aspires to architectural form and structure, movement expands to procession and dance.)" (Mitchell, Nathan: *Meeting Mystery* New York, 2006, s. xiv)

Har ein eit slikt utgangspunkt har ein mykje å hente hos utøvarar og teoretikarar i kunstfeltet. Det blei stadfesta gjennom foredrag og verkstadar, at det her vi møtes no, kyrkjefolk og folk i kunstfeltet:

Margrethe Kvalbein uttrykte det på denne måten, fritt omsett til nynorsk:

”Uansett kor mykje kunnskap ein har om kva som ligg bak, så held det ikkje berre å vite kva som ligg bakanfor, *det er ei overflate også.* ”

Teologar kan skilte med kunnskap om kva nattverden betyr, og kva det og det står for. Men no er ei gudsteneste faktisk noko som skjer, noko ein deltek i: Og ho skjer i eit rom, med lydar, vatn, brød og vin, og mykje å sjå på.

Kunstfeltet og gudstenstelivet

På Vollen blei det tydeleg for meg at alt dette – lyd, vatn, rørsler, rombruk – finns det profesjonalitet, teori og praksis rundt. Og det er konstruktivt og spanande å utforske dette feltet saman med dei som kan det.

No er korkje kunstfeltet eller teologi og kyrkefeltet er eintydige storleikar. Det fins eit mangfald av kunstsyn og det fins fordommar innafor begge felt.

Verkstaden på Vollen klargjorde dette. Kyrkjefolket får spørsmål frå kunstfeltet: *Korleis vil de bruke oss? Kor mykje kunstverk toler ei kyrkje (Og kunstnarar spør seg: Kor mykje ”kyrkje” toler eit kunstverk).*

Om eg spissar samtalen vår inn på kunstfeltet i forhold til gudstenestereforma, fekk eg følgjande problemstilling på fanget: Er kunstfeltet berre er interessant for kyrkja som *metode*? Jo, eg innrømmer at eg *treng* kompetanse frå kunstfeltet: Til å få oppøvd ferdigheitar i rørsle, lyd, og nærver i rom. Her har kyrkja mykje arbeid framfor seg, for når det no innafor liturgi har skjedd ei vending frå å sjå på gudstenesta som framføring av tekst til at ho er ei hending/event, så **tvingar** sjølve fenomenet/objektet oss over i kunstfeltet. Som

prest treng eg kompetanse frå nokre av dykk innan kunstfeltet: Lær meg meir om rommet! Lær meg korleis eg kan bevege meg og korleis stemma kan brukast. Lær meg noko om nærleik og avstand. Lær meg noko om kor kyrkjelyden kan stå, sitte og bevege seg.

På Vollen fekk vi gjere erfaringar saman. Vi var i rommet og blei utfordra til ikkje å tenkje at kroppen illustrerer orda, noko bakanfor, men at kroppen faktisk er i rommet her og no. Med utgangspunkt i kroppen la eg merke til kor dei andre var. Eg fekk vere med på å røre meg oss som "ein kropp", rundt min eigen akse følgde eg personen framfor ved berre skifte tyngdepunkt på beina.

Ja, kyrkja treng mange verkstadar i åra framover. Kyrkjetradisjonen vår er teksttung, vi er gode på å produserer tekstar, bøker og agendaer på ark. Det er også det som er sendt ut som høyringsmateriale til kyrkjelydane! Men no prøver ein gudstenestene i lokale kyrkjerom: Korleis kjennest det å stå, sitte, stå og sitte?

Om vi verkeleg vil vere tru mot den vendinga i liturgien som seier liturgi er ein genuin måte å handle på, må vi ta utgangspunkt i sjølve skjeende/ handlinga/ hendinga i rommet. Det har altså sidan 1970/80-talet skjedd eit skifte i rituelle studie som også vi liturgikarar vil følgje med på. Catherine Bell demonstrerer i første helvta av *Ritual Theory, Ritual Practice* korleis tradisjonell ritual-teori enten har vore kopla til tekst eller tru, på ein slik måte at ritualet har vorte *sekundært* i forhold til teksten, eller trua: "...in which activity is seen as dramatizing or enacting prior conceptual entities in order to reaffirm or reexperience them." (Bell 1992, side 38) I tidlegare ritualteoriar er ritual ei hending som uttrykker eit symbolsk innhald. Først fins det ein ide eller ein myte, og denne blir formidla gjennom ritualet. Nokre ting *kan* berre verte uttrykt i og gjennom ritual, vil Bell meine. Ritual bør altså analyserast som ein

særeigen form for praksis, fordi “much of what is important to it cannot be grasped outside the specific context in which it occurs.” (Bell 1992, side 38) Handlinga er altså meiningsberande i seg sjølv. Den seine Victor Turner og Catherine Bell handsamar ritar som *performative* praksisar, ikkje berre som symbolske representasjonar. (Jfr. foredraga frå Margrethe Kvalbein og Anne Anita Lillebø, som også følgjer denne ståstaden)

Eg ser for meg mange verkstadar i åra framover. Presten/teologen har kompetanse i kristendom og tru og fortolking. Men både presten og staben hennar og kyrkjelyden treng kompetanse i framføring og utføring. Denne kompetansen fins i kunstfeltet.

Men, tilbake til spørsmålet: Treng de *berre* kunst som metode, som hjelp til å bli betre på framføring og utføring? Ein refleksjonen rundt dette spørsmålet er viktig og her handlar det om å ta ein kvarandre på alvor, som kunstnar og som teolog. For her handlar det om kva vi vil med det vi gjer. Sjølv har eg opplevd å gå meir tynga og nedtrykt ut av gudstenesterommet enn det eg gjorde når eg kom inn. På Vollen fekk eg glede av å erfare eit slags søskenskap mellom presten og kunstnaren når vi grunna over følgjande: ”Korleis fremjar vi kjærleiken i verda?” Eller ” Kva er skjønnheit?” Eller ”Er det mogeleg å gestalte samvær som rystar oss, og som kanskje gjer at ein går ut med fornya livsmot?” Slike samtalar i gjensidig respekt og nyfikenheit la også seminaret på Vollen til rett for. Det kan det kome noko forløysande godt ut av.